
Fra: Ron <rono@online.no>
Sendt: 30. september 2019 20:04
Til: !Postmottak OED
Emne: Høyring nasjonal ramme for vind på land.

Kategorier: Rosa kategori

Ron Overdevest

Engasjert turlagsmedlem, bonde og tidligare skogansvarleg for Gulen kommune samt prosjektleiar i ulike skogprosjekt i Sogn og Fjordane, Hordaland og Møre og Romsdal med fylkesmannen som arbeidsgjevar.

Kva sosial effekt har vindindustriutbygging til no hatt på bygdesamfunn.

Frå Gulen og Masfjorden regionen, der to dømer kan illustrere motsetninger og reaksjoner på vindindustridiskusjonen.

Dømer:

Dalsbotnfjellet,

bygdene kring Dalsbotnfjellet har alt i et tiår opplevd polarisering grunna vindindustri!

Zephyr starta sin aktivitet med å få signert leigekontrakter kring den tida.

Ulike oppfatninger i forhold til vindindustri har endra bygdefolk sine sosiale val.

Signering av bindende hemmelige avtaler har medført utbetalte pengebeløp til samfunnshuset lokalt. Vindindustrien sine judaspenger blir ikkje tatt vel imot av samtlige bygdesamfunnshusbrukare og fører til usemje.

Dette skjer i ein lang planleggingsfase og sosiale konflikt vil kunne utvikle seg vidare ved utbygging av i dette tilfelle dalsbotnfjellet.

Stølsheimen.

Turlag har i alle år fått lov til å kjøre inn forsyninger nærare turlaget sine hytter via annleggsvegar i område. Derfra vert forsyningene frakta vidare inn til hyttene. Grunneigarane som har signert bindende hemmelige avtaler føler seg motarbeida av turlaget, som ynskjer friluftarealet urørt og gjev ikkje lenger lov til bruk av annleggsvegar til transport av forsyninger. Uten at turlaget reagerer formelt på dette indikerer dette usemje grunna aktuell vindindustriproblematikk.

De sosiale forhold som endrer seg i negativ retning har sitt opphav i diskusjonene kring bruk av friluftslivareal.

Problematikken her illustrert ved døma, er nok også gjeldende for de andre utpeika områda i landet forøvrig!

Konklusjon: Bygdesamfunn vert splitta der vindindustri er aktuell eller der utbyggjing har komme i gong.

Turlag opplever at det er vanskelegare å samarbeide om tilrettelegging i tilknytning til friluftslivareal.

Parkeringsforhold, adkomst over private vegar og samtykkje til merking av turstier er somme stader eit problem.

Det mest vesentlege er jo likavel at turterrenget vert sterkt redusert eller borte dersom vindindustri okkuperer friluftslivarealet. Fysiske hinder som skjæringar og fyllingar og vindturbinene sin plassering vil ved utbyggjing fråta turfolk lysten til bruk av dette arealet til turgåing.

Vår allemannsrett til bruk av naturen som boltringsrom er i ferd med å bli tatt ifrå oss!

Opplevingsverdien av urørt natur er i konsesjonene som er gitt verdisett til kr 0,- !

Om sumvirkningen av vindindustriaktivitet dersom NRV blir realitet:

Store areal vert båndlagt ved ein utbyggjing, i tillegg til turbinpunkt vil vegar og kraftlinjer dele opp terrenget. Arealet som tenkjast brukt til vindindustri ligg opp mot de høgste og mest attraktive topper for turfolk. Det er få eller ingen alternativ i nærområde, for turfolk å ta i bruk, dersom vindindustrien blir etablert.

Langs med kysten vil ein kunne oppleve eit samanhengande hinder for fugletrekket, men også reiselivsmål vil verte forulempet.

Andre element som underteikna meiner er undervurdert.

Ved sin plassering og sin høgd vil turbinene nødvendigvis også måtte få ein lyssetting som ikkje er ynskjeleg.

Vegbygging med naudsynnte veigrøft vil medføre raskere avløp for overflatevatn og til tider føre til store elver som kan medføre trong for bruer, om det fortsatt er nok attraktivt turterreng

igjen, men som også vil måtte føre til erosjonsfare i elveleia og etterkvart fare for ras. Vann vert ikkje lengre «bufra» i myr! GULEN KOMMUNE HAR NEDBØRSREKORD I NORGE!

Ein av de andre undervurderte element må være vindturbinene sin virkning på mikroklima i høgfjellsområde. Her er det elementære at energien som vert transformert frå vind til elektrisitet, må føre til eit lunare miljø på lesida av hovudvindretningen av vindturbinene. Eit lunare miljø vil også ha høgare temperatur. Det minnst om at t.d. 1 grad temperaturstigning høgt til fjells vil påverka eit sårbart økosystem drastisk! I tidligare tider kring 1970 var Norges landbrukshøgskole (NLH) på Ås opptatt av leplanting i jord- og skogbruket. Formålet var å auke produktiviteten i jord- og skogbruket- ved å bedre vekstforhold.

Ved å bremse for vinden med leplanting, ble det dokumentert eit bedre vekstklima.

I vindkraftproblematikken er energien av vinden transformert gjennom turbinene til el-kraft, vinden sin styrke er dermed redusert på lesida og effekten av redusert vind, vil her som i forsøka til NLH, gje eit lokalklima, mikroklima, med høgare temperatur!

De endrede leveforhold i økosystemet må vurderast og vektleggast.

På værmeldinga får ein stundom oppgitt effektiv temperatur ved sterk vind og låge temperaturer. Om vindenergien vert transformert til energi gjennom turbinen, og vindstyrken då avtar, vil den effektive temperaturen bli høgare!

Mikroklima vil difor bli påverka med truleg 1-2 grader på hovedlesida av turbinene.

Ut frå omsynet til friluftaktivitetene og reiselivsmål i område i Gulen vil underteikna be OED om å ikkje videreføre noverande konsesjonsordning og ta opp til ny vurdering de konsesjonene som er i ferd med å bli realisert. Naturen, friluftslivaktivitetane, folkehelsa, næringsinteressene i tilknytning til urørt natur, verdifall i fast eigedom er nokre av de element som vert skadelidende ved vindindustriutbyggjing.

Underteikna har vore aktiv i kunnskapsformidling i turlaget og vært med på ulike aktiviteter, som t.d. signaturinnsamling og føredrag om vindenergi.

Vindindustri er ingen god sak for område Gulen og Stølsheimen. Ein ynskjer ein kunnskapsoppdatering etter konkrete maler for å synleggjere verdien av våre siste urørte (nær)naturområde og ein har via regionale Turlag spelt inn årsmeldingtala for seinare års registreringer. Desse tala er på registrerte turer for medlem, sjølv sagt er friluftaktivitet

utenom dette adskillig større, jakt og fiske er ikkje registrert i Turlag sin aktivitet og heller ikkje idrettslag sine toppturer er med i tala.

Ein ber om at område Gulen/ Masfjorden vert trekt ut av nasjonal ramme for vind på land.

Vel vitende om at det heile koker vekk i ein politisk avgjerd vil eg ved denne fråsegna få ein bedre samvittighet og eg takker høflig for tida de brukte på å registrere (og lese?) denne fråsegna.

Med venleg helsing,

Ron Overdevest. 97674654

Rono@online.no

Få [Outlook for iOS](#)